

Referat frå møte i Arbeidsutvalet for foreldre ved Hafslo barne- og ungdomsskule 24.11.15

Til stades:

Carolin Ruud (1. kl)
Elin Hilleren (2. kl)
Sigfrid Ahlin Søvde (4. kl)
Wenche Sollid (5A)
Ruth Karin Kvam (5B)
Jan Ølnes (7A)
Hans Martin Brusegard (7B)
Lisbeth Skjerven (8. kl)
Gunnar Eikemo (9. kl)
Lise Vik-Haugen (10. kl)
rektor Kjell Ertesvåg

Forfall:

Aslaug Øydvin (3. kl), Nina H. Sørensen (6.kl.)

Sakliste:

08-15/16: Godkjenning av møtebok. Samrøystes godkjent.

Semje om at informasjon om gjennomført FaU-møte med lenkje til møtereferat bør inn på vekeplanen i alle klassane. Også møteplanen bør inn på vekeplanane.

09-15/16: Informasjon frå rektor.

Bygging: Går sin gang. Det er nokre utfordringar m.o.t. lys på uteområdet og sikring, her vert det purra frå skulen si side og det er lova snarleg betring.

Buss: Har kome nokre klager på at dei eldre pressar seg fram. Administrasjonen tek stikkprøver og følgjer opp.

Gudsteneste i skuletida: Ny ordning i samband med juleavslutning, elevane skal no melde seg på til anten gudsteneste eller alternative aktivitetar.

Elevundersøking 5.-10.-klasse (91% har svart): Resultata ikkje offentlege enno, men ein ser at svara ligg jamt bra som i fjor. Resultata vert lagt ut på nettet når dei er offentlege.

Retningslinjer for bruk av mobiltelefon på skulen: Rektor har utarbeidd eit framlegg. Vert diskutert internt på skulen og vert sak i neste FaU-møte og i elevrådet.

Overgangsmøte: Det vert arrangert foreldremøte på overgangen frå 7. til 8.-klasse. Rektor ønskjer å innføre dette også for overgangen frå 4. til 5.-klasse. Overgangar er sårbare, viktig med gode rutinar.

Nasjonale prøvar: Ungdoms-steget: Resultata er komne, og dei er gode. 5.-klasse: Ikkje offentlege resultat enno, men ein ser at skulen ikkje scorar så godt der. Skulen jobbar systematisk med dette, m.a. gjennom satsinga på lesing.

Temaforeldremøte i vårsemesteret: På forrige FaU-møte vart nettvett føreslege som tema for ungdomsskulen.

Det kom ønskje om heller å ha overgang til vidaregåande skule som tema, m.a. utfordringane m.o.t. frafall. Kan hende bør 7.-klasse-foreldre også inviterast. Semje om at FaU-representantar og klassekontakter for 8.-, 9.- og 10.-klasse møtast og diskuterer dette og kjem med eit framlegg til rektor. Neste sak blir også eit viktig tema på møtet for ungdomsskule-representantane:

10.-klasse-fest i Måsåviki:

Det har i fleire år vore vanleg at 10.-klassingane – etter den formelle avslutningsmarkeringa på skulen – reiser i Måsåviki. Det er kjent at det har vore ein del alkoholbruk knytta til arrangementet. Det er kome ønskje frå fleire klassar om å få ein slutt på dette. Semje om at vi må gje elevane eit enno betre alternativ, prøve å gjere det attraktivt å vere rusfri. Lise tek ansvaret for å få til eit møte om dette samt tema for foreldremøte.

Leksehjelp-evaluering 4.-7.: Det er to vaksne til stades (dei same kvar gong), deira oppfatning er at ordninga fungerer bra, i alle fall for dei elevane som er motiverte. Praxis er at når elevane er ferdige med leksene, får dei gå.

10-15/16: Vedtak i saker frå sist møte: (sak 7-15/16):

1) 17. mai

Samrøystes vedteke at fom. 2016 har 8.-klasse aleine det samla arrangementsansvaret for 17.-mai. Ønskje om at ordninga vert prøvd ut i minst 4 år før ein evaluerer.

2) Fiskefestival

Samrøystes: Kull 2001 seier frå seg Fiskefestivalen i år. Fom 2016 har 9.-klasse ansvaret for å arrangere Hafslo fiskefestival siste helga i august.

3) Gåver til tilsette ved skulen

Minner om vedtak under sak 7-15/16 i førre møte:

«Samrøystes vedtak:

Kvar jul kjøper 1.-klasse, 3.-klasse, 5.-klasse, 7.-klasse og 9.klasse kvar si gåve for inntil ca.kr. 300. Gåva skal vere til heile personalgruppa på skulen (t.d. konfekt, blomst, frukt...)».

Hugs at alle fau-rep MÅ ta kontakt med sine klassekontaktar og forsikre seg om at dei er kjende med og gjennomfører vedtaket.

11-15/16: Foreldrerepresentant til arbeidsgruppe – juleavslutning

Arbeidsgruppa er samansett av Berit Hauge frå administrasjonen, ein lærar og ein foreldrerepresentant. Wenche melde seg, samrøystes valt.

12-15/16: Symjeopplæring

Wenche har fått mange tilbakemeldingar m.a. om talet på symjingar.

Det vart oppklart at alle har 6 gonger bading i første semester og 6 gonger i andre semester, og at første semester varer ut januar. I Gaupne har elevane fleire gonger i bassenget, men dei har kortare tid i bassenget. Hafslo har ein fullt forsvarleg symjeopplæring med gode lærarkrefter.

13-15/16: Ymse

1) Sogndal vidaregåande skule gjennomfører ikkje lenger informasjonsrunde på ungdomsskulane i Luster. Det er no berre Open skule som gjeld (vert arrangert torsdag 14.01.16).

2) Utviklingssamtalar – kjem dei litt seint? Og er det kanskje litt lite med 20 min pr. samtale? Vi kjem tilbake til denne saka.

3) Handicptoalett og heis

Det kom spørsmål om korleis situasjonen er ift handicptoalett og heis etter ombygginga .

Svar: Handicptoalett er no i underetasjen, og heisen skal no fungere.

4) Foreldre som er ivrige etter å ta kontakt med læraren: Det hender at foreldre kontaktar lærar på telefon eller sms på ukurante tidspunkt. Kva med sensitiv informasjon som lærarar får på sms? Treng vi retningslinjer for dette? Rektor tek det med seg og snakkar om det med personalgruppa.

5) Oppfølging av sak 4-15/16 frå førre møte, «Lekse» som SFO-aktivitet

Rektor har fått inn 2 innspel frå utviklingssamtalar, men ikkje alle har hatt samtale enno. Semje om at skulen må ta dette vidare i samarbeid med dei som brukar sfo. Kanskje ein kan vurdere å gje dispensasjon til sfo-ungar slik at desse kan delta i det ordinære tilbodet om leksehjelp?

6) Lydanlegg til gymsalen

Oppmoding til skulen om å ta initiativ til å skaffe eit skikkeleg lydanlegg til gymsalen, gjerne i samarbeid med bygdalaget og andre. Rektor samd og tek saka vidare.

7) Retningslinjer for bruk av skulekjøkkenet

Det er behov for ei avklaring og offentleggjing til foreldre og klassekontaktar, men også til organisasjonar i bygda, om kva tid og kven som har høve til å låne eller leige skulekjøkkenet no etter oppussinga. Det bør presiserast korleis praksis er resten av dette skuleåret, og korleis det blir etter at ombygginga er ferdig. Dette kan jo ha konsekvensar for ein del større arrangement ein er vant med å ha i bygda, t.d. Loppecup, Elevforestilling for Luster danseverkstad, Syng med oss-kveldar, songarstemne , 17. mai.

Rektor tek saka vidare.

24.11.15

Lise Vik-Haugen